



Statens vegvesen

FERDE AS
Postboks 2623 Møhlenpris
5836 BERGEN

Behandlerenhet: Vegdirektoratet Saksbehandler/telefon: Jan-Tore Knudsen / 47702040 Vår referanse: 20/210710-1 Deres referanse: Vår dato: 11.11.2020

Takstvedtak for Førdepakken

Vegdirektoratet viser til oversendelse 9. september 2020 av lokalpolitiske vedtak, der Ferde AS vert beden om å søke Vegdirektoratet om nytt takstvedtak for Førdepakken.

Førdepakken blei vedteken gjennom Prop. 137 S (2014–2015), der det er rekna med ei gjennomsnittleg inntekt pr. passering på 18,7 kr i 2015-prisnivå.

Innkrevjing av bompengar starta 3. oktober 2016. I tråd med siste takstvedtak for Førdepakken (dok. 17/17796–118 og tillegg i dok. 18/187731–60) blei det hausten 2019 gjennomført ein gjennomgang av bompengainntektene i Førdepakken. Statens vegvesen kom i gjennomgangen til at dei realiserte bompengainntektene i pakken var 25–30 pst. lågare enn føresett i fastsett finansieringsplanen, jf. Prop. 137 S (2014–2015). Det blei difor føreslått alternative tiltak, bl.a. å auke takstane for takstgruppe 1 med kr 4 og for takstgruppe 2 med kr 7 for å nærme seg gjennomsnittleg inntekt per passering i tråd med føresetningane i proposisjonen.

Forslaget om å auke takstane med hhv. 4 og 7 kr opp til fastsett gjennomsnittstakst blei vedteken av Sunnfjord kommune 13. februar 2020 og i fylkestinget i Vestland 9. juni 2020.

Fastsett gjennomsnittstakst er om lag kr 21,05 i 2020-prisnivå. Nye ordinære bompengetakstar er vist i tabell 1:

Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for Førdepakken i 2020-kr

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Førdepakken	kr 34	kr 61

Postadresse
Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Brynsengfare 6A
0667 OSLO

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Tilskot til reduserte bompengetakstar

Førdepakken er kvalifisert til å få tilskot for reduserte bompengetakstar. Tilskotet blir gitt årleg i innkrevjingsperioden med atterhald om Stortinget sine årlege løyving til ordninga. Målet med ordninga er å redusere gjennomsnittstaksten med minst 10 pst.

Gjennomsnittleg takst for Førdepakken før tilskot er rekna til kr 21,05 i 2020-prisnivå. Ein reduksjon 10 pst. gjev ein gjennomsnittstakst på kr 18,95 kr. Takstane i tabell 2 er fastsett med utgangspunkt i den reduserte gjennomsnittstaksten.

Tabell 2: Reduserte bompengetakstar for Førdepakken i tråd med tilskotsordninga for bompengeprojekt på riksveg utanfor dei største byområda i 2020-kr

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Førdepakken	kr 30	kr 54

Timesregel, passeringstak på 30 passeringar pr. måned for alle køyretøy med gyldig brikke og avtale og 50 pst. rabatt for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 og 100 pst. for takstgruppe 2 vidareførast.

Dersom tilskotsordninga heilt eller delvis fell vekk, vil bompengeselskapa få moglegheit til å auke takstane til ordinært nivå, jf. tabell 1. Vegdirektoratet skal på vanlig måte godkjenne ein evt. tilbakesetting av takstane.

Takstvedtaket skal annonserast på vanleg måte. I annonseteksten skal det orienterast om at det er mogleg å klage på takstvedtaket, og at Samferdselsdepartementet er klageinstans.

Brukerfinansiering
Med helsing

Åge K. Jensen
avdelingsdirektør

Jan-Tore Knudsen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
SAMFERDSELSDEPARTEMENTET, Postboks 8010 DEP, 0030 OSLO